

Til:

Annica Kverme
Asle Ingebretsen
Grete Waldeland Høiland
Heidi Ege
Liv Anne Vold
Magnar Rugland
Marianne Vigrestad
Nina Gulliksen

Dykkar ref.	Vår ref.	Arkivkode	Dato
	19/28895 HELE	A20	10.09.2019

Vigrestad skule - FAU - Referat frå møte 5. september 2019

Dato: 05.09.2019
Tid: kl. 18:00

Desse møtte: Annica Kverme, Grete Waldeland Høiland, Heidi Ege, Liv Anne Vold, Marianne Vigrestad, Nina Gulliksen og Ingrid Vold

Forfall: Magnar Rugland og Asle Ingebretsen

Saker:**01 Godkjent innkalling****02 Konstituere FAU og SU**

Leiar: Heidi Ege
Nestleiar: Asle Ingebretsen
Sekretær: Grete Waldeland Høiland
Medlem: Marianne Vigrestad og Annica Kverme
SU: Grete Waldeland Høiland og Heidi Ege møter.

Møtedatoar:

03.10.19 - FAU
07.11.19 - FAU og SU/SMU(bytta frå 9.1)
09.01.20 - FAU
05.03.20 - FAU
07.05.20 – FAU og SU/SMU

03 Retten til eit trygt og godt læringsmiljø

Det utvida mobbeomgrepet har fokus på elevane si oppleving av situasjonen. Dei vaksne på skulen skal sjå kvar enkel unge og varsle leiinga om elevar ikkje har det godt på skulen. Foreldre og elvar kan sjølv gi beskjed til lærar om ein ikkje har det greitt.

Skulen sitt utviklingsområde er å ha eit inkluderande læringsmiljø på skulen. Skulen hadde ei undersøking før sommeren. Motiverte elevar i 1. og 2. klasse, men motivasjonen vert mindre

i 3. og 4. klasse. Skulen sitt tiltak er at elevane skal vera meir aktive og at undervisninga skal vera endå meir tilrettelagt og variert. For eksempel sykkeldag, uteskule og aktivitet i klasseromma.

04 Evaluering av lekseordning

Undersøkelse i BUK (Barne- og ungdoms sitt kommunestyre) i vår viser at motivasjonen er dårlig blant elevane i Hå. Dei ynskjer meir motivasjon, meir aktivitet og mindre lekse. Skulen har prøvd å ha litt mindre lekser i mai/juni og no i august.

Pedagogane si evaluering av prøveordninga i 2. klasse er at dei saknar skriving i form av øving på bokstavane.

Pedagogane si evaluering i 3. og 4. klasse er at dei syns dei har for lite lekse. Ynskjer lesing i norsk kvar dag, ikkje berre to dagar. Dei ynskjer og engelsk-lekse to gonger i veka for å halda oppe elevane sitt nivå i faget. Skulen opplever at det er vanskeleg å finna innhald til leksegruppene for 2 timar i veka.

FAU tenker dei kan ha leselekse kvar dag, engelsk to gonger i veka, men halda fram med munnlege spørsmål til lekse i staden for å skriva svara. Foreldra kan sjølvstekt ta kontakt med lærarane om ein treng meir tilpassing til leksene. Skulen ynskjer ikkje at elevane skal sitte meir enn 30 minutt med leksene. Vekelekse i matte fungerer fint.

05 Foreldremøte

Positivt med kahoot sist foreldremøte.

FAU ynskjer ein kombinasjon av gruppearbeid rundt aktuelle problemstillingar i skulen og aktivitetar som er samlande for foreldregruppa.

Max. 30 min med informasjon i gymsalen.

06 Arrangement i regi av FAU

Gleding arrangement vert den 15. oktober. Opplegget på dagtid er klart for elevane på skulen. Kveldsarrangement på misjonshuset. Skulesjef skal opna. Siri Abrahamsen har foredraget og PPT skal ha et innlegg om fritidsaktiviteter.

Meir planlegging 3. oktober av Gleding-opplegget på FAU-møtet. FAU må vera med å hjelpe til på arrangementet.

07 Chromebook

Skulen ser at chromebooken i nokre tilfelle blir brukt som en ipad. Den skal brukas i samanheng med skulerelaterte oppgåver. Skulen informer om dette på foreldremøte og skriv det på lekseplanen.

08 Ombygging av SFO

Skal stå ferdig til haustferien. Det vert SFO-avdeling, kunst- og håndverksrom, kombinert med eit lite skaparverkstad (sløyd). Det vert og eit kjøkken med større moglegheiter for mat og helse.

Eventuelt

Ingen eventuelle saker

Marianne Vigrestad
referent

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur